

Arbeid med uønska hendingar i Helse Førde

Irene Barmen Hoel, rådgjevar i Helse Førde

Nye rutinar for å følgje opp uønskte hendingar skal gjere det tryggare å vere pasient hjå Helse Førde.

Helse Førde tok i bruk avvikssystemet Synergi hausten 2000, og systemet har fungert bra til å melde frå om uønskte hendingar i helseføretaket. Det er enkelt å melde hendingar, og mange saker blir melde kvar månad. Det har vore gjort eit omfattande arbeid med å undervise tilsette om kva som bør meldast for å få fram ein god meldekultur, og å få fram dei alvorlegaste pasientsakene.

Hausten 2009 vart det sett i verk eit nytt tiltak for sikre at dei alvorlegaste pasientsakene vert melde vidare også til Helsetilsynet. Det vart utarbeidd eit nytt mandat for det eksisterande kvalitetsutvalet, og det blei oppretta eit eige pasientskadeutval (PSU) som seinare er vedteke omdøyppt til pasienttryggingsutvalet (PTU).

Arbeidet med å sakshandsame dei uønskte hendingane vart systematisert, og det vart utarbeidd eit flytskjema for vidare sakshandsaming av alle typar uønskte hendingar. Sekretær i PTU, som er sjukepleiar, les først gjennom alle avvika som vert melde i avvikssystemet Synergi. Saker som gjeld feilmedisinering, pasientskader og nesten-uhell i høve pasientar går vidare til fagdirektøren i helseføretaket. Fagdirektøren vurderer hendingane, og plukkar ut dei alvorlegaste og prinsipielt viktigaste og sender desse til PTU.

I PTU vert sakene presenterte og vurderte, og utvalet avgjer kva saker som skal vidaremeldast til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane.

Dette arbeidet har gjeve eit klart utslag på talet saker som er melde til Helsetilsynet. I 2008 var det såleis meldt inn 13 saker, og i 2009 vart det meldt om lag 30 saker – dei fleste i 2. halvår, og i 2010 melde Helse Førde til saman om lag 70 saker til Helsetilsynet etter § 3-3 i spesialisthelsetenestelova.

Arbeidsfeltet til PTU har utvikla seg heile tida. I tillegg til § 3-3-saker, vert no også saker frå Norsk Pasientskadeerstatning, tilsynssaker og klagesaker gått gjennom i utvalet slik at ein kan lære av også desse hendingane.

Vidare har alle saker som gjeld samhandling med kommunane blitt ein fast post i PTU-møta. For å få betre innsikt i hendingar som er aktuelle å melde til Helsetilsynet, vert leiarar på aktuelle avdelingar via avdelingssjef ofte inviterte til møte i PTU for å gje nærare informasjon om sakene. Dette er svært nyttig, då det i desse møta ofte kjem fram meir informasjon enn i dei skriftlege meldingane, og PTU kan få svar på sine spørsmål. Det tener då også som nyttige tilbakemeldingar frå PTU til dei same avdelingane. I mange tilfelle er hendingane knytte til samhandling mellom fleire avdelingar, og då møter det leiarar for alle dei aktuelle avdelingane samtidig.

Sekretær for PTU har kontakt med avdelingane og rettleier leiarane slik at sakshandsaminga av avvika vert gjort grundig med analyse av årsak til hendinga og tiltak som må setjast i verk for å hindre at hendinga skal skje igjen.

Fordelane med denne metoden er at:

- Fagdirektøren får ei god oversikt over kva som skjer av uønskete pasienthendingar
- Helseføretaket greier å ivareta meldeplikta til Helsetilsynet etter § 3-3
- Alle meldingar som er registrerte i avvikssystemet vert tekne på alvor
- PTU får oversikt over kva hendingar som gjentek seg ofte, dei gjev melding om dette til kvalitetsutvalet som set i verk høvelege tiltakAlle alvorlege hendingar vert vurderte av PTU, og analyserte for å finne tiltak som kan hindre at dette skjer igjen
- Leiarane erfarer at sakshandsaming av uønskete hendingar er eit viktig arbeid som også vert lagt merke til utanom avdelinga

Ulempene med metoden kan være

- Tilsette kan oppleve det ubehageleg at saka får oppslag i media
- Det er tidkrevjande å lese gjennom alle avvika kvar månad, ca. 120 meldingar

Helseføretaket har også gjort vedtak om at vi skal fortelje om enkelte hendingar på Helse Førde sitt intranett – til læring for andre avdelingar. Dette tek vi sikte på å få i gang i 2011.

Arbeidet i PTU har m.a. også resultert i ei ny sjekkliste ved administrering av intravenøse medikament, nye prosedyrar for sjekk av smertepumper. Føretaket har også kjøpt inn nye smertepumper med enklare innstilling.

Helseføretaket opplever at leiarar på alle nivå er meir engasjerte i avvikshandteringa. Dette skuldast truleg at PTU medverkar til å setje fokus på dei uønskete hendingane, og at sjansen for at saka vert send til Helsetilsynet har auka.

Helseføretaket arrangerte hausten 2010 eit dagsseminar for alle leiarar saman med Kunnskapssenteret med temaet "læring av uønska hendingar". Om lag 80 leiarar var med på dette seminaret, og dei fekk meir innsikt i kvifor vi har fokus på dette emnet, og korleis dei betre kan lære av uønskete hendingar i eiga eining, særleg i høve årsaksanalyse.

Helse Førde er likevel ikkje i mål med å lære av uønskete hendingar, men vi arbeider stadig med å bli betre, slik at det heile tida skal bli tryggare å vere pasient i Helse Førde.

I 2011 vil startar helseføretaket arbeidet med analysereisken "Global Trigger Tool" som er venta å gje ei meir objektiv oversikt over uheldige hendingar under pasientbehandlinga.